




Årsrapport



2025



Språkrådet

Årets ord

Tekoligark



Årets ord minner oss om at vi blir eit sårbart samfunn når vi gjer oss avhengige av dei store teknologiselskapa.

Ein *oligark* er ein søkkrik person med mykje makt. Ein *tekoligark* eig teknologiselskap som har nærmast total kontroll over den digitale teknologien og dermed stor innverknad over heile verda. Årets ord kan bidra til å løfta debatten om digital sjølvråderett i Norge.

Les meir

Innhald

DEL 1 – Melding frå leiinga

DEL 2 – Introduksjon til verksemda og hovudtal

DEL 3 – Aktivitetar og resultat i 2025

DEL 4 – Styring og kontroll i verksemda

DEL 5 – Vurdering av framtidsutsikter

DEL 6 – Årsrekneskap 2025

Innhald

Melding frå leiinga	4
Introduksjon til verksemda og hovudtal	7
Aktivitetar og resultat i 2025	13
Styring og kontroll i verksemda	32
Vurdering av framtidsutsikter	41
Årsrekneskap 2025	44

1

Melding

frå

leiinga

Innhald

DEL 1 – Melding frå leiinga

DEL 2 – Introduksjon til verksemda og hovudtal

DEL 3 – Aktivitetar og resultat i 2025

DEL 4 – Styring og kontroll i verksemda

DEL 5 – Vurdering av framtidsutsikter

DEL 6 – Årsrekneskap 2025

DEL 1 – Melding frå leiinga

DEL 2 – Introduksjon til verksemda og hovudtal

DEL 3 – Aktivitetar og resultat i 2025

DEL 4 – Styring og kontroll i verksemda

DEL 5 – Vurdering av framtidsutsikter

DEL 6 – Årsrekneskap 2025

Rett før årsskiftet kåra Språkrådet *tekologark* til årets ord 2025. Ordet er ei påminning om at norsk språk og kultur og norsk digital sjølvråderett er under press frå produkta til internasjonale teknologi-gigantar. Kåringa fekk stor offentleg merksemd og bidrog til å setja på dags-ordenen spørsmål om digital beredskap og eigarskap til teknologi som pregar det norske kvardagslivet.


I 2025 har Språkrådet testa språkteknologiske verktøy og rettleidd om bruken av dei. I tillegg har me særleg arbeidd med språk i integrering og i kunnskapssektoren. Desse felta er prioriterte i Språkrådets strategi.

Rapporten *Språkstatus 2025* viste at det er svært utfordrande å få gjennomført den norske språkpolitikken på høgt prioriterte innsatsområde. Norsk er under aukande press frå engelsk både i akademia og i mykje bruka digitale verktøy og tenester. Barn og unge møter stadig meir engelsk i sosiale medium, i spel og på nett. Og nynorsk er under sterkt press både i grunnopplæringa, i universitets- og høgskulesektoren

og i stat og styring. *Språkstatus 2025* danna grunnlag for rapporteringa frå regjeringa til Stortinget om stoda på språk-politikkfeltet i Prop. 1 S (2025–2026).

I 2025 har Språkrådet bruka mange ressursar på testing av kvaliteten på språkteknologiske produkt som er i bruk i norsk skule og offentleg sektor. Testane viser at dei mest bruka skriveprogramma frå leverandørane Microsoft, Google og Apple dessverre er langt frå å oppfylle krava opplæringslova set til språkleg kvalitet i slike produkt, og programma har store manglar både i bokmålsversjon og nynorskversjon. Dette er alvorleg, sidan desse produkta blir oppfatta som autoritative, og dei påverkar kva barn og unge oppfattar som god og korrekt norsk.

I 2025 vurderte Språkrådet den språklege kvaliteten på tekstar frå eit utval KI-robotar. Undersøkinga viser at maskintekstane inneheld mange feil. Det gjeld særleg dei nynorske tekstane. Språkproblema viser seg på alle nivå, frå engelskspråkleg påverknad til feil i staving, bøying og teiknsetjing. Språket i dagens KI-genererte tekstar er såpass dårleg at Språkrådet ikkje kan tilrå bruk av robotane til tekst- og språkrettleiing for elevar i grunnopplæringa. Offentlege organ som brukar KI-generert tekst i praterobotar eller i informasjon som er retta mot innbyggjarar, må vera merksame på at robottekstane krev menneskeleg kvalitetskontroll før dei kan publiserast.



Innhald

DEL 1 – Melding frå leiinga

DEL 2 – Introduksjon til verksemda og hovudtal

DEL 3 – Aktivitetar og resultat i 2025

DEL 4 – Styring og kontroll i verksemda

DEL 5 – Vurdering av framtidsutsikter

DEL 6 – Årsrekneskap 2025

Etter tildelingar frå Forskingsrådet vart to nye forskingssenter for norsk fagspråk opna hausten 2025. Det eine senteret ligg ved Universitetet i Bergen og det andre ved Universitetet i Oslo. Sentera er eit ledd i regjeringa si styrking av norsk fagspråk i akademia, i tråd med handlingsplanen for norsk fagspråk, *Frå ord til handling* (2023). Sentera skal forska på fagområde som terminologi og fagspråk, stadnamn, leksikografi og språkteknologi. Språkrådet har gjennom mange år arbeidd systematisk for å få etablert miljø for anvend forskning i norsk språk på område som er særleg viktige for den norske forvaltninga og for kunnskapssektoren. Det er svært gledeleg at dei to sentera nå er på plass.

I 2025 kartla Språkrådet norskopplæringstilbod og norskferdigheiter for ulike innvandrargrupper i Noreg. Kartlegginga viser at mange innvandrarar med rett og plikt til norskopplæring av ulike grunnar ikkje deltek i opplæringstilbod, og at fleire av opplæringstiltaka er for dårleg tilpassa kvar enkelt innvandrar. Dette er alvorleg, sidan tilgang til norsk språk er sjølv hovudnøkkelen til deltaking i det norske samfunns- og arbeidslivet. Språkrådet har løfta fram tiltak som kan bidra til å styrkja språkleg integrering for ulike innvandrargrupper. Språkrådet vil prioritera arbeidet med dette feltet også i tida framover.

Hausten 2025 oppretta Språkrådet ei ny eining for innsikt og analyse for å styrkja kunnskapen om norsk språk i samfunnet og utvikla analyseverktøy og indikatorar som kan brukast til å vurdere effekten av språkpolitikken. Eininga er i utgangspunktet eit treårig prosjekt. Målet med denne satsinga er å leggja til rette for best mogleg måloppnåing i den samla språkpolitiske innsatsen i staten.

I møte med megatrendar i samfunnet som digitalisering, migrasjon og endringar i demografi er målretta språkpolitisk innsats viktigare enn nokon gong. Innsatsen vil medverka til høg tillit til offentlege tenester, tilgang for alle til eit norsk-språkleg utdannings-, arbeids- og samfunnsliv og tilgang til teknologiløysingar som stør opp om norsk språk og dialektmangfaldet vårt.



Ingrid Vad Nilsen
Ingrid Vad Nilsen
styreleiar



Åse Wetås
Åse Wetås
direktør

2

Introduksjon

til

verksemda

og

hovudtal

Innhald

DEL 1 – Melding frå leiinga

**DEL 2 – Introduksjon til
verksemda og hovudtal**

Verksemda og
samfunnsoppdraget

Organisasjonen

Organisasjonskart

Nokre hovudtal

DEL 3 – Aktivitetar og
resultat i 2025

DEL 4 – Styring og kontroll
i verksemda

DEL 5 – Vurdering av
framtidssikter

DEL 6 – Årsrekneskap 2025

Verksemda og samfunnsoppdraget

Språkrådet er statens forvaltningsorgan i språkspørsmål og underlagt Kultur- og likestillingsdepartementet. Språkrådet har eige styre.

Fullmakter og ansvarsområde

Språkrådet følgjer opp språkpolitiske mål og strategiar som er fastsette av regjeringa og Stortinget.

Språkrådet har ansvar for å ta språkpolitiske initiativ overfor relevante styresmakter og skal uttala seg om spørsmål som andre statlege organ eller verksemder legg fram for rådet.

Språkrådet representerer Noreg i nordisk og internasjonalt språksamarbeid.

Språkrådet har fullmakt til å gjera bindande normeringsvedtak for bokmål og nynorsk i enkeltsaker. Vedtak om gjennomgripande endringar eller systemendringar skal leggjast fram for Kultur- og likestillingsdepartementet til godkjenning.

Etter opplæringslova godkjenner Språkrådet ordlister og ordbøker til skulebruk.

Språkrådet fører tilsyn med bruken av nynorsk og bokmål i sentrale statsorgan.


Språkrådet administrerer norsk og kvensk stadnamnteneste og forvaltar ei tilskotsordning for innsamling og registrering av stadnamn. Språkrådet har òg ansvar for den administrative forvaltninga av tilskot til språktiltak og språkorganisasjonar.

Overordna mål

Det overordna målet for den norske språkpolitikken er å styrkja norsk som fullverdig språk og sikra både det norsk-språklege og det fleirspråklege mangfaldet.

Tildelingsbrevet for 2025 fastsette hovudmålet for Språkrådet til gjennom målretta aktivitetar å fremja statusen til norsk språk og bruken av norsk på utsette samfunnsområde.

Tildelingsbrevet sette opp tre delmål for arbeidet i Språkrådet:



Innhald

DEL 1 – Melding frå leiinga

DEL 2 – Introduksjon til verksemda og hovudtal

→ Verksemda og samfunnsoppdraget
Organisasjonen
Organisasjonskart
Nokre hovudtal

DEL 3 – Aktivitetar og resultat i 2025

DEL 4 – Styring og kontroll i verksemda

DEL 5 – Vurdering av framtidsutsikter

DEL 6 – Årsrekneskap 2025

1. Det nasjonale fellesspråket norsk blir bruka på alle samfunnsområde.
2. Norsk er eit fullverdig språk.
3. Språkrådet har god systematikk i arbeidet med å følgja opp språkpolitikken.



Organisasjonen

Innhald

DEL 1 – Melding frå leiinga

DEL 2 – Introduksjon til verksemda og hovudtal

Verksemda og
samfunnsoppdraget
→ Organisasjonen
Organisasjonskart
Nokre hovudtal

DEL 3 – Aktivitetar og
resultat i 2025

DEL 4 – Styring og kontroll
i verksemda

DEL 5 – Vurdering av
framtidssutsikter

DEL 6 – Årsrekneskap 2025


Leiing

Styret har det øvste ansvaret for verksemda i Språkrådet. Styret er oppnemnt av Kultur- og likestillingsdepartementet for perioden 2024–2027. Ingrid Vad Nilsen er styreleiar. Styremedlemmer er Erik Bolstad (nestleiar), Sjur Nørstebø Moshagen, Heidi-Iren Wedlog Olsen og Ann Helen Langaker (tilsettrepresentant). Vararepresentantar er Toril Opsahl, Svein Arne Orvik og Marianne Aasgaard (tilsettrepresentant).

Direktør Åse Wetås har ansvar for den daglege leiinga av verksemda. I leiargruppa sit direktøren og dei fire avdelingsdirektørane.

Lokalisering

Språkrådet held til i
Observatoriegata 1 B i Oslo.




Tal på tilsette og årsverk


I 2025 utførte Språkrådet 35
årsverk fordelt på 42 tilsette
gjennom året.

35/42

Organisasjonskart



Nokre hovudtal




2057
omtalar i media

Språkrådet er omtala i media 2057 gonger i 2025. Eit sentralt tema har vore generative språkmodellar og norsk rettskriving.

Volumtal for ordbøkene

Bruk av *Bokmåls-*
ordboka og *Nynorsk-*
ordboka på nett.



År	Oppslag på nett
2022	32,6 millionar*
2023	37,3 millionar
2024	44,3 millionar
2025	41,5 millionar

* Den nye nettstaden for *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* er ordbøkene.no. Tala for oppslag er både frå den gamle nettstaden ordbok.uib.no og frå den nye. Oppslaga fordeler seg om lag likt mellom nettstadene.

Nøkkeltal frå årsrekneskapen¹

	2022	2023	2024	2025
Årsverk	33	34	34	35
Samla tildeling post 01-99	90 997 000	91 490 000	89 524 000	95 403 000
Samla tildeling post 01-29	47 911 000	49 925 000	50 974 000	55 473 000
Utnyttingsgrad post 01-29	98,7 %	99,0 %	94,8 %	99,0 %
Driftsutgifter post 01	46 801 746	48 957 167	48 309 175	54 897 650
Lønsdelen av driftsutgifter	69,5 %	71,9 %	74,3 %	70,9 %
Lønsutgifter per årsverk	994 214	1 039 544	1 059 301	1 109 923
Lønsutgifter	32 540 618	35 209 339	35 867 941	38 913 893

¹ Frå 1. januar 2024 gjekk Språkrådet over til å føra rekneskap etter SRS. For åra 2022, 2023 og 2024 var nemninga *driftsutgifter* i staden for *driftskostnader* og *lønsutgifter* i staden for *lønskostnader*.

3

Aktivitetar

og

resultat

i

2025

Innhald

DEL 1 – Melding frå leiinga

DEL 2 – Introduksjon til
verksemda og hovudtal

**DEL 3 – Aktivitetar og
resultat i 2025**

Utvalde høgdepunkt

Resultat i 2025

Delmål 1

Delmål 2


Delmål 3

DEL 4 – Styring og kontroll
i verksemda

DEL 5 – Vurdering av
framtidssikter

DEL 6 – Årsrekneskap 2025

Utvalde høgdepunkt



Problematiske praterobotar

Språkrådet har testa fire praterobotar (KI-verktøy) som er eller skal bli tekne i bruk i skule og offentleg forvaltning: ChatGPT, Copilot, Le Chat og NorMistral (utvikla av Universitetet i Oslo). Det var mange språkfeil i tekstane verktøya produserte, flest i tekstane på nynorsk. Feila omfattar logiske og syntaktiske brester, engelske vendingar og manglande konsekvens i bruk av valfrie former.

[Les meir på språkrådet.no](#)

Kva om ChatGPT skreiv lærebøkene?

I ein fersk rapport frå Riksrevisjonen kjem det fram at ein av fem lærarar meiner dei ikkje har dei læremidla dei treng, og fleire kartleggingar viser at det stadig er grunn til å følgja med på korleis tilgangen til nynorske læremiddel er, og korleis KI påverkar utviklinga og bruken av læringsressursar. Språkrådet vil bruka innsikta frå kartleggingane i vidare oppfølging av skulefeltet.

I november 2025 arrangerte KS og Språkrådet ein nasjonal konferanse om læremiddel i grunnopplæringa for å gje aktuelle aktørar betre innsikt i læremiddelsituasjonen for elevar, lærarar og styresmakter.

[Les meir på språkrådet.no](#)

Utgreiing om innvandrarar og norsk språk

Språkrådet har laga ei utgreiing om norskopplæring og norskferdigheiter i ulike innvandrargrupper. Utgreiinga inneheld ei samla framstilling av den oppdaterte kunnskapen på feltet.

Språklovsproposisjonen slår fast at alle som oppheld seg i Noreg over tid, skal kunna læra seg og ta i bruk norsk språk, og at reell deltaking i det norske demokratiet «føreset ein viss dugleik i norsk».

Utgreiinga viser at

- ein av fem flyktningar ikkje deltek i norskopplæringa
- mange innvandrarar ikkje når B1-nivået på Norskprøva
- me treng meir kunnskap om stoda for norskopplæring og norskferdigheiter blant ulike grupper innvandrarar

[Les meir på språkrådet.no](#)

Innhald

DEL 1 – Melding frå leiinga

DEL 2 – Introduksjon til
verksemda og hovudtal

**DEL 3 – Aktivitetar og
resultat i 2025**

Utvalde høgdepunkt

→ Resultat i 2025

Delmål 1

Delmål 2


Delmål 3

DEL 4 – Styring og kontroll
i verksemda

DEL 5 – Vurdering av
framtidssikter

DEL 6 – Årsrekneskap 2025

Resultat i 2025



Innhald

DEL 1 – Melding frå leiinga

DEL 2 – Introduksjon til
verksemda og hovudtal

**DEL 3 – Aktivitetar og
resultat i 2025**

Utvalde høgdepunkt

Resultat i 2025

→ Delmål 1

Delmål 2

Delmål 3


DEL 4 – Styring og kontroll
i verksemda

DEL 5 – Vurdering av
framtidssikter

DEL 6 – Årsrekneskap 2025

Delmål 1

Det nasjonale fellesspråket
norsk blir bruka på alle
samfunnsområde.




1.1 Vesentlege forhold i 2025

I 2025 har Språkrådet gjeve høg prioritet til testing av språkleg kvalitet i skriveprogram som blir bruka i skulen. Opplæringslova krev at desse programma skal vera i samsvar med dei norske rettskrivingsreglane.

Gjentekne testar i 2025 viser at programma slepper igjennom svært mange feil. Når det no kjem handlingsplanar som tek sikte på å styrkja lese- og skriveopplæring i skulen, må det offentlege også setja absolutte krav til kvalitet i digitale språk-verktøy som skal kjøpast inn til bruk i skulen.

Kartleggingar av språklege rettar og språklege interesser i ulike innbyggjargrupper viser at sektorane må samordna seg meir og den enkelte innbyggjaren må følgjast opp betre, om alle skal få god opplæring og god tilgang til språk.




Skriveprogramma slepper igjennom svært mange feil.

Delmål 1


1.2 Prioriteringar og resultat

Styringsparameter	Ambisjon 2025	Resultat/vurdering	Kommentar
1.1 Språkrådets verkemiddel-apparat bidreg til at offentlege organ implementerer den norske språkpolitikken.	Språkrådet har gjort alle departement kjende med innhaldet i sektorrettleiaren for norsk språkpolitikk.	●	Arbeidet med rettleiaren vart ikkje ferdigstilt innan utgangen av perioden, og rettleiaren kunne ikkje takast i bruk i 2025.
1.2 Språkrådets verkemiddel-apparat bidreg til at norsk språk er styrkt på utsette samfunnsområde; styrking av nynorsk må prioriterast særleg.	Språkrådet har etablert og vidareført strategisk samarbeid med sentrale aktørar på opplærings- og utdanningsfeltet for å styrkja arbeidet deira med norsk språk (særleg nynorsk) i sektoren.	●	Språkrådet har samarbeidd med Utdanningsdirektoratet, KS og Fagleg råd for lærarutdanninga og mellom anna arrangert ein stor felles konferanse med KS om språk i læremiddel. Språkrådet har arrangert faste nettseminar om norsk fagspråk i universitets- og høgskulesektoren saman med HK-dir og Termportalen ved Universitetet i Bergen. Språkrådet har vidareført samarbeid med UHR, Sikt, NOKUT og NFR om oppfølging av handlingsplanen for norsk fagspråk i akademia.
	Språkrådet har bruka resultat frå eigne undersøkingar og analysar for å innretta rettleiingsarbeidet om norsk språkpolitikk overfor sentrale aktørar på særleg utsette samfunnsområde.	●	Språkrådet har gjennomført ei undersøking av språk i pensum for høgare utdanning, og denne vil danna grunnlag for vidare rådgjeving. Språkrådet har gjennomført ei undersøking som har gjeve oppdatert kunnskapsgrunnlag for råd om bruk av engelsk i næringslivet, og bruka dette grunnlaget til å innretta arbeidet vårt på dette området. Språkrådet har kartlagt tilgangen til norskopplæring for ulike innvandrar-grupper og bruka resultata frå kartlegginga i høyringssvar og rådgjeving. Språkrådet har testa språkleg kvalitet i ulike språkteknologiske tenester for å få grunnlag for rådgjeving til sentrale aktørar i opplæring og offentlig forvaltning om generell bruk. Språkrådet har bruka relevante resultat frå eigne undersøkingar i høyringssvar og andre innspel.



Innhald
DEL 1 – Melding frå leiinga
DEL 2 – Introduksjon til verksemda og hovudtal
DEL 3 – Aktivitetar og resultat i 2025 Utvalde høgdepunkt Resultat i 2025 → Delmål 1 Delmål 2 Delmål 3
DEL 4 – Styring og kontroll i verksemda
DEL 5 – Vurdering av framtidsutsikter
DEL 6 – Årsrekneskap 2025

Styringsparameter	Ambisjon 2025	Resultat/ vurdering	Kommentar
1.3 Språkrådets verkemiddel-apparat bidreg til at utforming av relevante regelverk og ordningar syter for at innbyggjarane har høve til å læra og bruka [sitt eige] språk, i tråd med språklova.	Språkrådet har gjeve kunnskapsbaserte språk-politiske innspel i relevante lov- og forskriftsprosessar.	●	Språkrådet har gjeve innspel til felles rammeverk for lærarutdanning og innspel til endringar i lovverket for høgare utdanning, lovverket for integrering og lovverket for KI. Språkrådet har laga ei utgreiing om bruk av KI i høgare utdanning.
	Språkrådet har følgd opp elev-ane sin rett til språkdelte klas-sar på ungdomstrinnet.	●	Språkrådet har arbeidd for å få betre statistikk over tal på elevgrupper som har eit anna opplærings-språk enn det vedtekne for skulane, i samarbeid med Forum for nynorsk i opplæringa og Udir. Språkrådet har hausta informasjon om korleis kommunane informerer om og følgjer opp dei språklege rettane til elevar som ønskjer nynorsk som opplæringsmål.
1.4 Språkrådets verkemiddel-apparat bidreg til at det offentlege tek vare på retten innbyggjarane har til å møta og bruka fellesspråket norsk og språka som Noreg har eit særleg ansvar for etter språklova.	Språkrådet har samanstilt relevant kunnskap om tilgang til norsk i ulike innvandrar-grupper.	●	Språkrådet har publisert ein rapport om norskopplæring for ulike innvandrargrupper.
	Språkrådet har informert alle norske kommunar om ansvaret for nasjonale minoritetsspråk.	●	Språkrådet har utarbeidd ein brosjyre med informasjon til alle kommunar, og denne vil bli distribuert i 2026.
	Språkrådet har ferdigstilt rettleiing om norsk teiknspråk til foreldre med høyr-sels-hemma barn.	●	Språkrådet har utarbeidd ein rettleiar om norsk teiknspråk til foreldre med høyr-sels-hemma barn, og denne vil bli distribuert i 2026.
	Alle dei vanlegaste skrive-programma for norsk til bruk i skulen er testa, og leveran-dørane arbeider med betring.	●	Språkrådet har i to omgangar testa skriveprogramma til dei tre største leverandørane og har hatt møte med alle selskapa. Alle programma har store manglar, og Språkrådet kan ikkje sjå at dei har vorte monaleg betre sidan testinga.



Innhald
DEL 1 – Melding frå leiinga
DEL 2 – Introduksjon til verksemda og hovudtal
DEL 3 – Aktivitetar og resultat i 2025 Utvalde høgdepunkt Resultat i 2025 → Delmål 1 Delmål 2 Delmål 3
DEL 4 – Styring og kontroll i verksemda
DEL 5 – Vurdering av framtidsutsikter
DEL 6 – Årsrekneskap 2025

Styringsparameter	Ambisjon 2025	Resultat/ vurdering	Kommentar
1.5 Språkrådets verkemiddel- apparat bidreg til at offent- lege og private verksemdar har kjennskap og tilgang til kunnskap om språkpolitiske mål, krav og tilrådingar når dei skal planleggja, kjøpa og bruka nettløysingar, digitale tenester og andre digitale verktøy og produkt.	Språkrådet har utarbeidd og gjort kjend ei liste med kriterium og føringar for språkleg kvalitet i digitale verktøy og produkt til bruk i rådgjevinga.		Språkrådet har utarbeidd kriterium for språkleg kvalitet (skrivereglar, grammatikk og ordtilfang) i digitale verktøy. Kvalitetskriteria er for- midla gjennom Språkrådets kommunikasjonskanalar og munnlege presentasjonar for offentlege organ. Formidlingsarbeidet vil halda fram.

DEL 3 – Aktivitetar og resultat i 2025

Utvalde høgdepunkt
Resultat i 2025

→ Delmål 1
Delmål 2
Delmål 3

Delmål 1

1.3 Samla vurdering av ressursbruk og måloppnåing

Språkrådet har prioritert å gjennomføra kartleggingar på fleire sentrale arbeidsområde for å målretta innsatsen og rådgevinga vidare. Kartleggingsarbeidet er ressurskrevjande, men nødvendig, og det medverkar til målretting av det vidare arbeidet på desse felta.

Eit særleg innsatsområde for Språkrådet er sikring av norsk fagspråk i høgare utdanning. Språkrådet brukar mykje ressursar på feltet og samarbeider nært med HK-dir, Sikt, UHR og universiteta for å medverka til at tiltaka i *Fra ord til handling – handlingsplan for norsk fagspråk i akademია* blir sette i verk. Med kartlegginga av pensumspråk i utvalde fag i høgare utdanning bidreg Språkrådet med viktig innsikt til det vidare arbeidet på feltet.

I 2025 har Språkrådet bruka mykje ressursar på arbeid med læremiddel og læringsressursar. Fleire kartleggingar og rapportar, mellom anna frå Riksrevisjonen, viser at det stadig er grunn til å følgja med på korleis tilgangen til nynorske læremiddel er, og korleis KI påverkar utviklinga og bruken av læremiddel og læringsressursar. Språkrådet vil bruka innsikta frå kartleggingane i vidare oppfølging av skulefeltet.

Testinga av dei vanlegaste skriveprogramma som blir bruka i skulen, har vist at ingen av dei innfrir krava i opplæringslova om program «som støttar både bokmål og nynorsk, og som følgjer offisiell rettskriving».

Fleire av kriteria for språkleg kvalitet i skriveprogram til bruk i skulen er aktuelle òg for andre digitale verktøy. Språkrådet bruka mykje ressursar på testing av praterobotar i 2025. Språkrådet vil halda fram med å formidla krav om og føringar for språkleg kvalitet til leverandørar og innkjøparar, og utføra nye testar av produkta.

Innhald

DEL 1 – Melding frå leiinga

DEL 2 – Introduksjon til
verksemda og hovudtal

**DEL 3 – Aktivitetar og
resultat i 2025**

Utvalde høgdepunkt

Resultat i 2025

Delmål 1

→ Delmål 2

Delmål 3

DEL 4 – Styring og kontroll
i verksemda

DEL 5 – Vurdering av
framtidssikter

DEL 6 – Årsrekneskap 2025

Delmål 2

Norsk er eit fullverdig språk.



Innhald

DEL 1 – Melding frå leiinga

DEL 2 – Introduksjon til verksemda og hovudtal

DEL 3 – Aktivitetar og resultat i 2025

Utvalde høgdepunkt

Resultat i 2025

Delmål 1

→ Delmål 2

Delmål 3

DEL 4 – Styring og kontroll i verksemda

DEL 5 – Vurdering av framtidsutsikter

DEL 6 – Årsrekneskap 2025

Delmål 2

2.1 Vesentlege forhold i 2025

Ved utgangen av 2025 viser overslag at halvdelen av innhaldet på Internett er kunstig generert tekst, og det er grunn til å tru at ein stadig større del av norsk tekst òg er vorten til ved bruk av KI-robotar. Både rettskrivingsfeila og den generelt låge språklege kvaliteten i robottekstane gjev grunn til uro.

Språkrådets testar viste at det var store manglar ved alle programma. KI-verktøya blir bruka mellom anna som skrivestøtte eller læringspartnar i skule og offentleg sektor. Dermed blir dei rekna som autoritative og har sterkt normerande kraft. Dette gjev grunn til uro for språkutviklinga på lengre sikt.


Språkrådet registrerer at den nettbaserte rådgjevinga vår om godt og korrekt språk blir framstilt upresist eller beint fram feilaktig i KI-filtrerte oversynstekstar frå til dømes Googles Gemini, og til alt overmål oppgjev desse tekstane Språkrådet som kjelde. Dette gjer det vanskelegare å nå fram til språkbrukarane med kvalitetssikra råd. Problemet råkar ikkje berre Språkrådet, men alle som deler kvalitetssikra innhaldsressursar på nett.



Delmål 2

2.2 Prioriteringar og resultat

Styringsparameter	Ambisjon 2025	Resultat/vurdering	Kommentar
2.1 Språkrådets verkemiddel-apparat bidreg til at innbyggjarane har tilgang til kunnskap om korrekt, normert norsk (bokmål og nynorsk).	Språkrådet har etablert ein plan for rettleiingsressursar på eigne nettsider om korrekt og normert språk. Arbeidet med å utvikla innhaldsressursane er i gang.	●	Språkrådet har laga ein treårsplan for å gjennomgå dei mest bruka rettleiingsressursane våre.
	Språkrådets svarbase har vakse med 20 prosent.	●	Svarbasen voks med 10 prosent i 2025, og per 1.1. 2026 var det 1100 artiklar i basen. Elles har det vore ei prioritert oppgåve å revidera nokre av dei eksisterande tekstane og arbeida med testing av KI-ressursar.
2.2 Språkrådets verkemiddel-apparat bidreg til at norsk fagspråk og norsk fagterminologi blir utvikla og gjord tilgjengeleg for alle.	Språkrådet har bidrege til meir tilgjengeleg terminologi i Termportalen og auka bruk av portalen.	●	Språkrådet har koordinert store termbasar for tilgang gjennom Termportalen og gjort SNOMED og Termlex tilgjengelege i Termportalen.
	Språkrådet har utvikla ein plan for langsiktig varetaking av arbeidet med norsk lovspråk.	●	Språkrådet har hausta inn erfaringar og innspel frå andre land til det vidare arbeidet med planen.



Innhald
DEL 1 – Melding frå leiinga
DEL 2 – Introduksjon til verksemda og hovudtal
DEL 3 – Aktivitetar og resultat i 2025 Utvalde høgdepunkt Resultat i 2025 Delmål 1 → Delmål 2 Delmål 3
DEL 4 – Styring og kontroll i verksemda
DEL 5 – Vurdering av framtidsutsikter
DEL 6 – Årsrekneskap 2025

Styringsparameter	Ambisjon 2025	Resultat/ vurdering	Kommentar
2.3 Språkrådets verkemiddel-apparat bidreg til at korrekt og normert norsk (bokmål og nynorsk) er tilgjengeleg i KI-verktøy og andre språk-teknologiske verktøy og produkt.	Språkrådet har testa dei mest bruka språkverktøya og etablert kontakt med utvikla- rar. Språkrådet har formidla testresultata og informert om norm og normklyngjer i bokmål og nynorsk.		Språkrådet har gjennomført omfattande testing av fire ulike praterobotar (to av dei største internasjonale pluss ein europeisk og ein norsk) og formidla resultata av testinga på nettsidene våre og i ei rekkje innlegg på konferansar.
	Språkrådet har oppretta samarbeid med Nasjonal- biblioteket og andre modell- utviklarar om korleis det kan arbeidast for at språkmodel- lane best støttar opp om den norske språkpolitikken.		Språkrådet har etablert samarbeid med Nasjonalbiblioteket om utvikling og tilgjengeleggjering av språktechnologiske ressursar og store norske språkmodellar, i tråd med måla i den norske språkpolitikken. Språkrådet har nært samarbeid med forskingsmiljøa for språktechnologi på norsk.
2.4 Språkrådets verkemiddel-apparat bidreg til arbeidet med deling og tilgjengeleg- gjering av språkdata.	Språkrådet har utgreidd kor- leis språkdata kan handterast og gjerast tilgjengeleg i Noreg og internasjonalt, og utvikla ein plan for kommunikasjon om identifikasjon og tilgjenge- leggjering av språkdata til bruk i språktechnologi.		Språkrådet har samarbeidd med Nasjonalbiblioteket for å sikra tilgang til relevante språkdata for utviklarar av språktechnologi. Språkrådet har arrangert ei samling om deling og tilgjengeleggjering av språkdata for relevante interessentar i Noreg, i regi av EU (European Language Data Space).
	Språkrådet har bidrege i prioriteringa av relevante språkressursar i Språkbanken.		Språkrådet har etablert samarbeid med Nasjonalbiblioteket om prioritering av relevante språkressursar i Språkbanken.

Delmål 2

2.3 Samla vurdering av ressursbruk og måloppnåing

Gjennom samarbeid med andre aktørar brukar Språkrådet ressursane sine effektivt.

Språkrådet samarbeider tett med Nasjonalbiblioteket for å leggja til rette for utvikling av språkteknologi som tek vare på både nynorsk, bokmål og talemålsvariasjon. Samarbeid med norske utviklarmiljø må styrkjast i tida som kjem.

Språkrådet prioriterer arbeidet med rådgjevingsressursar på nettsidene våre. Når stadig meir informasjon om godt og korrekt språk blir filtrert av kunstig intelligens, er det endå viktigare at rettskrivingsinformasjonen vår er komplett og utfyllande.

Språkrådet samarbeider med Termportalen ved Universitetsbiblioteket i Bergen om å gjera terminologi på alle samfunnsområde tilgjengeleg gjennom eitt felles grensesnitt i Termportalen.

Det er ikkje noko statsorgan som har det overordna ansvaret for å kvalitetssikra språk i norske lover. Språk blir tematisert i mandata til nokre lovutval, og Språkrådet bidreg i arbeidet med kvalitetssikring av fleire enkeltlover. Det bør finnast ei fast og meir formalisert ordning for kvalitetssikring av språket i lover. Språkrådet arbeider med framlegg om korleis ei slik ordning kan utformast.

Innhald

DEL 1 – Melding frå leiinga

DEL 2 – Introduksjon til
verksemda og hovudtal

**DEL 3 – Aktivitetar og
resultat i 2025**

Utvalde høgdepunkt

Resultat i 2025

Delmål 1

Delmål 2

→ Delmål 3

DEL 4 – Styring og kontroll
i verksemda

DEL 5 – Vurdering av
framtidssikter

DEL 6 – Årsrekneskap 2025

Delmål 3

Språkrådet har god
systematikk i arbeidet med
å følgja opp språkpolitikken.




Delmål 3

3.1 Vesentlege forhold i 2025

Skal det kunna gjerast gode prioriteringar i arbeidet med å følgja opp den sektorovergripande språkpolitikken og måla effekten av språkpolitiske tiltak, trengst det gode indikatorar og god statistikk og dokumentasjon. Språkrådet har derfor i 2025 prioritert å oppretta ei eiga fageining for innsikt og analyse.

I arbeidet med *Språkstatus 2025* vart det avdekt viktige kunnskapshol og dårleg kvalitetssikra datakjelder til bruk i monitorering av språkpolitisk innsats og effekt. *Språkstatus* gjekk i djupna på utvalde område og fann særleg alvorlege manglar i kunnskapssektoren. Skal kunnskapssektoren kunna følgja opp det ansvaret han har for språkpolitikken, må alle aktørar ta ansvar for å innhenta, strukturera og dela relevante data.




Kunnskapssektoren må ta ansvar for å innhenta, strukturera og dela relevante data.

Delmål 3

3.2 Prioriteringar og resultat

Styringsparameter	Ambisjon 2025	Resultat/vurdering	Kommentar
3.1 Språkrådet utviklar arbeidet med innsikt om og analyse av språksituasjonen og oppfølginga av språkpolitikken.	Språkrådet har etablert ei eining for innsikt og analyse.		Språkrådet har etablert ei mellombels og treårig satsing på eit innsikts- og analysemiljø.
	Språkrådet har utvikla og følgd opp arbeidet med indikatorar for sentrale område i norsk språkpolitikk.		Språkrådet har gjennomført eit pilotprosjekt for å utvikla indikatorar for språkstatus i sektoren for høgare utdanning. Språkrådet har arbeidd for betre innsamling av statistikk, jf. <i>Språkstatus 2025</i> .
3.2 Språkrådet utviklar arbeidet med oppfølging av lovverket på språkfeltet.	Språkrådet har konkrete råd for etterleving av dei sentrale pliktreglane i språklova.		Språkrådet har starta med utgreiingar av språklova § 14 første ledd (sjølvbeteningstenester) og § 3 tredje ledd.
	Språkrådet har bidrege til å konkretisera ansvaret offentlege verksemder har for relevant terminologiutvikling etter språklova.		Språkrådet har starta og utvikla arbeidet med å konkretisera ansvaret offentlege verksemder har for å utarbeida relevant terminologi.
	Språkrådet har vore i kontakt med forlag, skuleeigarar og sentrale styresmakter om godkjenning av ordbøker og skriveprogram til bruk i skulen.		Ordbokressursane til bruk i skulen er i hovudsak gjennomgåtte og godkjende for dei som har ønskt godkjenning for ressursane sine, og som har vore i kontakt med Språkrådet. Dei aktuelle departementa har ikkje føreslått tiltak for å løysa problemet med for dårleg kvalitet på skriveprogram i skulen.



Innhald
DEL 1 – Melding frå leiinga
DEL 2 – Introduksjon til verksemda og hovudtal
DEL 3 – Aktivitetar og resultat i 2025 Utvalde høgdepunkt Resultat i 2025 Delmål 1 Delmål 2 → Delmål 3
DEL 4 – Styring og kontroll i verksemda
DEL 5 – Vurdering av framtidsutsikter
DEL 6 – Årsrekneskap 2025

Styringsparameter	Ambisjon 2025	Resultat/ vurdering	Kommentar
3.3. Språkrådet arbeider kunnskapsbasert og utviklar kompetansen i verksemda.	Språkrådet har bruka funn frå <i>Språkstatus 2025</i> for å mål-retta arbeidet på felta status-rapporten har kartlagt.		Språkrådet følgjer systematisk opp arbeidet med å styrkja norsk fagspråk i universitets- og høgskulesektoren i samarbeid med HK-dir, Sikt og UHR.
	Språkrådet har styrkt eigen kompetanse i KI og forvaltningskunnskap.		Språkrådet har gjennom testing av språkteknologiske tenester utvikla råd om bruk av språkteknologi og språkleg kvalitet i dei ulike programma og tenestene. Språkrådet har dessutan nær kontakt med forskings- og utviklarmiljø, både nasjonalt og internasjonalt.
			Språkrådet har gjennomført kompetansehevingstiltak for alle med-arbeidarane innanfor arkiv- og journalføring og praktisk bruk av MS Copilot.
3.4 Språkrådet har rutinar for forvaltning av enkelttilskot og tilskotsordningar som er i samsvar med føresegnene i økonomiregelverket.	Språkrådets tilskotsordning for stadnamn er evaluert.		Evalueringa av tilskotsordninga for innsamling av stadnamn er i gang og blir fullført i 2026.
	Språkrådet offentleggjer tilskotsordningane sine på portalen tilskudd.no.		Tilskotsordningar som Språkrådet forvaltar, er gjort kjende på tilskudd.no.
	Språkrådet har teke initiativ til at tilskotsordninga for språkorganisasjonar og språktiltak blir gjort universelt søkbar.		Språkrådet har teke opp problemstillinga i etatsstyringsdialogen med Kultur- og likestillingsdepartementet.

DEL 3 – Aktivitetar og resultat i 2025

- Utvalde høgdepunkt
- Resultat i 2025
- Delmål 1
- Delmål 2
- Delmål 3

Delmål 3

3.3 Samla vurdering av ressursbruk og måloppnåing

I 2025 etablerte Språkrådet ei intern eining for innsikt og analyse. Dette tiltaket, som er treårig, følgjer opp tilrådingar frå Telemarksforsking (2023) og skal dekkja eit dokumentert behov for eit betre og meir systematisk kunnskapsgrunnlag på språkfeltet. Eininga skal styrkja Språkrådets evne til å samordna, analysera og gjera språkpolitisk relevant kunnskap tilgjengeleg, utvikla indikatorar og betra rapporteringa om språkpolitiske mål. Etableringa av denne eininga er eit viktig steg på vegen mot ei meir kunnskapsbasert og treffsikker oppfølging av språkpolitikken.

Språkrådet har fått fleire spørsmål om tolkinga av språklova og starta i 2025 utgreiing av to føresegner. Den første utgreiinga gjeld paragraf 3 tredje ledd, som seier at reglane i paragrafane 12 til 18 berre gjeld for *den administrative delen* av verksemda ved universiteta, dei statlege høgskulane og

andre statlege skular, vidaregåande skular, domstolane, forliksråda og påtalemakta. Denne utgreiinga skal seia noko om kva den administrative delen omfattar. Den andre utgreiinga gjeld paragraf 14 første ledd, som seier at statsorgan skal gjera skjema og andre sjølvbeteningstenester tilgjengelege på bokmål og nynorsk samtidig. Denne utgreiinga skal gje indikasjonar på kva ei *sjølvbeteningsteneste* er. Resultata av dei to utgreiingane vil frigjera ressursar i tilsynet i Språkrådet.

Det er etablert god kontakt med utgjevarane av ordbokressursar som er i bruk i skulen, og dei fleste ressursane er no godkjende av Språkrådet, slik opplæringslova krev. Stoda for dei dominerande skriveprogramma (jamfør 1.3) er motsett: Der finst det inga godkjenningsordning, og departementa har ikkje gjeve føringar.

4

Styring

og

kontroll

i

verksemda

Innhald

DEL 1 – Melding frå leiinga

DEL 2 – Introduksjon til
verksemda og hovudtal

DEL 3 – Aktivitetar og
resultat i 2025

**DEL 4 – Styring og kontroll
i verksemda**

Overordna vurdering
av styring og kontroll

Nærare omtale av forhold
som gjeld styring og kontroll

DEL 5 – Vurdering av
framtidssikter

DEL 6 – Årsrekneskap 2025

Overordna vurdering av styring og kontroll

Det er ei utfordring å gjera ein risikoanalyse som både er tilpassa verkeområdet og oppgåvene til Språkrådet, og som er relevant i mål- og resultatstyringsarbeidet. Arbeidet i Språkrådet er sektorovergripande, og dei fleste tiltaka skal gjennomførast utanfor kultursektoren.

Mange av dei viktigaste hindringane for god måloppnåing i samfunnsoppdraget ligg såleis utanfor det Språkrådet har kontroll over. Språkrådet arbeider systematisk for å nå så mange mål og ha så låg risiko som råd. Når Språkrådet skal utforma realistiske mål for arbeidet, legg me vekt på å identifisera faktorar me kan påverka sjølve. Dette er eit punkt som Språkrådet og Kultur- og likestillingsdepartementet jamleg drøftar i etatsstyringsdialogen.

Språkrådet har desse styringsdokumenta:

- tildelingsbrev (med eventuelle tillegg)
- strategisk plan (vedteken av styret i Språkrådet)
- økonomi- og verksemdsinstruks
- verksemdsplan for perioden
- Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk*

Språkrådet gjer eigne risiko- og sårbarheitsanalysar, og styret i Språkrådet drøftar jamleg spørsmål om risikostyring og risikovurdering.



Nærare omtale av tilhøve som gjeld styring og kontroll

Forvaltning av tilskot

Språkrådet har ansvaret for den administrative forvaltninga av tilskot til språkorganisasjonar og språktiltak. Me sender tilskotsbrev, betalar ut dei tilskota Stortinget fastset, og hentar inn og vurderer budsjettsøknader, rapportar og rekneskapar frå tilskotsmottakarane. Språkrådet leverer vurdering av budsjettsøknader og rapportar til Kultur- og likestillingsdepartementet kvart år. Dessutan forvaltar me tilskotsordninga for innsamling og registrering av stadnamn.

Språkrådet har interne retningslinjer for arbeidet med tilskotsforvaltninga, mellom anna rutinar for innhenting og behandling av søknader, rapportering, vedtak om tildeling og vedtak om tilbakebetaling av tilskot i dei tilfella der tilskotsmottakaren ikkje oppfyller vilkåra.

Tilskotsordningane som Språkrådet forvaltar, blir registrerte på tilskudd.no så snart dei er lyste ut på språkrådet.no.

HMT og arbeidsmiljø

Språkrådet arbeider heile tida for å sikra eit godt arbeidsmiljø, for å førebyggja og redusera sjukefråvær og for å hindra utstøyting og fråfall frå arbeidslivet.

Språkrådet gjennomførte i 2024 ei medarbeidarundersøking for å kartleggja arbeidsmiljøet. I det systematiske arbeidet med

å følgja opp arbeidsmiljøet nyttar me resultata frå denne undersøkinga. Me planlegg å gjennomføra ei ny undersøking i 2026.

Sjukefråværet i 2025 var 5,8 prosent, mot 7,5 prosent i 2024. Hovuddelen av sjukefråværet var langtidsfråvær. Språkrådet arbeider systematisk med mellom anna trivsels- og trenings-tiltak for å halda sjukefråværet nede, og har som mål at sjukefråværet ikkje skal vera over 4,0 prosent over tid.


Språkrådet har avtale om bedriftshelseteneste med Avonova, som òg kan stilla med krisepsykiatrisk hjelp dersom det trengst.

Likestilling og diskriminering

Språkrådet arbeider både som arbeidsgjevar og som offentleg styresmakt målretta og planmessig for likestilling og mot diskriminering.

Språkrådet som offentleg styresmakt

Tilgang til fellesspråket norsk er nødvendig for å sikra myndiggjering og tilgang til demokrati og deltaking for innbyggjarane i Noreg, og språket vårt er ein grunnleggjande infrastruktur for ein open og opplyst offentleg debatt. Kunnskapar i norsk språk som føresetnad for deltaking i demokrati og samfunns- og arbeidsliv er derfor eitt av tre prioriterte område i strategien til Språkrådet for perioden. Målet med strategien er mellom anna å fremja likestilling og hindra diskriminering



Innhald

DEL 1 – Melding frå leiinga

DEL 2 – Introduksjon til verksemda og hovudtal

DEL 3 – Aktivitetar og resultat i 2025

DEL 4 – Styring og kontroll i verksemda

Overordna vurdering av styring og kontroll
→ Nærare omtale av forhold som gjeld styring og kontroll

DEL 5 – Vurdering av framtidsutsikter

DEL 6 – Årsrekneskap 2025

på språkleg grunnlag. Språkrådet skal arbeida for likestilling i all verksemd, og arbeidet vårt skal bidra til meir likestilling innanfor sektoren vår. Me har sett i verk ei rekkje tiltak for å sikra likestilling og ikkje-diskriminering i den daglege drifta.

Språkrådet ser at verksemder, både offentlege og private, ikkje alltid tek nok omsyn til språkleg mangfald og språklege mindretalsrettar. Grunnen kan vera at verksemdene ikkje fullt ut forstår det språkpolitiske ansvaret dei har, eller det kan vera at dei manglar kunnskap om konsekvensane av at språkbrukarane ikkje får rettane sine oppfylte. Språkleg mangfald og likestilling blir ofte nedprioritert, og det blir ikkje sett av nok ressursar i verksemdene. Dei manglar òg kunnskap om og engasjement for språkleg inkludering og mot språkleg diskriminering.

Språkrådet arbeider for å fremja språkleg toleranse og hindra språkleg diskriminering gjennom mellom anna


- å setja i verk tiltak for å styrkja og oppnå meir reell likestilling mellom nynorsk og bokmål og tiltak som skal sikra interes-sene og rettane til mindretalsspråkbrukarane i møte med det offentlege
- å fremja språkleg mangfald, norsk teiknspråk, nasjonale minoritetsspråk og nyare minoritetsspråk i Noreg
- å fremja klart og brukartilpassa språk og klart juridisk språk, som mellom anna skal sikra rettane og rettstryggleiken til ulike grupper og lik tilgang til informasjon

- å sikra at mangfald og likestilling blir spegla i ordbøkene til Språkrådet og Universitetet i Bergen
- å tilby systematisk rådgjeving om kjønnsnøytrale titlar på yrke, embete og statsorgan
- å tilby rådgjeving om bruk av sensitive ord
- å sikra grunnlagsressursar for språkteknologi som kan gje språkbrukarar lik tilgang til offentlege tenester og like høve til å ta del i samfunnet
- å gje tilskot til språkorganisasjonar som representerer og arbeider for språkleg mangfald
- å undersøkja korleis tilsette på fleirspråklege arbeidsplassar kan få opplæring i norsk
- å vera pådrivar for at alle delar av offentlig sektor tek språkpolitisk ansvar

Det er vanskeleg å måla effekten av desse tiltaka enkeltvis. Det ser ut til at me på mange område skapar større med-vit om språkleg toleranse, og at arbeidet vårt bidreg til å redusera språkleg diskriminering. Språkrådet vil halda fram arbeidet med å fremja likestilling og hindra diskriminering på grunnlag av språk.

Språkrådet som arbeidsgjevar

Språkrådet er ei relativt lita statleg verksemd og har gode føresetnader for å avdekkja risikoar knytte til likestilling og



Innhald

DEL 1 – Melding frå leiinga

DEL 2 – Introduksjon til verksemda og hovudtal

DEL 3 – Aktivitetar og resultat i 2025

DEL 4 – Styring og kontroll i verksemda

Overordna vurdering av styring og kontroll

→ Nærare omtale av forhold som gjeld styring og kontroll

DEL 5 – Vurdering av framtidsutsikter

DEL 6 – Årsrekneskap 2025

diskriminering. Som offentleg arbeidsgjevar pliktar Språkrådet å arbeida for å fremja likestilling og å hindra diskriminering på arbeidsplassen gjennom ein firestegs arbeidsmetode:

1. undersøkja risikoar for diskriminering og hinder for likestilling og kartleggja tilstanden for likestilling mellom kjønna

2. analysera årsakene til risikoane

3. setja i verk tiltak

4. vurdera resultata


Likestillingsarbeidet i Språkrådet er forankra i personalpolitikken og styringsdokumenta, mellom anna fellesføringane i dei årlege tildelingsbreva frå Kultur- og likestillingsdepartementet. Saman med dei tillitsvalde og vernetenesta arbeider leiinga i Språkrådet målretta og planmessig for å fremja

likestilling og hindra diskriminering på grunnlag av mellom anna kjønn, etnisitet, funksjonsnedsetjing og seksuell orientering. Det inneber at me vil vera tidleg ute med å identifisera likestillingsutfordringar og setja inn tiltak. Leiinga har jamlege møte om likestilling med dei tillitsvalde og verneombodet, mellom anna i samband med medarbeidarundersøkingar, lokale lønsforhandlingar og rekrutteringsprosessar.

Språkrådet har i 2025 kartlagt lønstilhøve fordelt etter kjønn. Tabellen nedanfor viser talet på menn og kvinner totalt og i ulike stillingstypar. Kolonnen «Løn» viser den gjennomsnittlege årsløna til kvinnene i prosent av den gjennomsnittlege årsløna til mennene.

	Tal på tilsette	Menn	Kvinner	Løn
Totalt i Språkrådet inkl. mellombels tilsette	41	18	23	101,6 % ¹
Direktør	1	0	1	–
Avdelingsdirektørar	4	2	2	100,0 %
Fagdirektørar	2	1	1	88,4 %
Seniorrådgjevarar	30	13	17	99,3 %
Rådgjevarar	4	2	2	101,4 %
Ufrivillig deltid	0	0	0	–

¹ Talet inkluderer ikkje løn til lærling.



Innhald

DEL 1 – Melding frå leiinga

DEL 2 – Introduksjon til verksemda og hovudtal

DEL 3 – Aktivitetar og resultat i 2025

DEL 4 – Styring og kontroll i verksemda

Overordna vurdering av styring og kontroll
→ Nærare omtale av forhold som gjeld styring og kontroll

DEL 5 – Vurdering av framtidsutsikter

DEL 6 – Årsrekneskap 2025

Målet med lønspolitikken i Språkrådet er å jamna ut lønsskilnader som ikkje kan grunngjevast. Det gjeld til dømes lønsskilnader mellom tilsette i stillingar med same ansvar og krav til kompetanse og lønsskilnader som har historiske eller kjønnsbestemte årsaker. Leiinga arbeider saman med dei tillitsvalde for å jamna ut slike lønsskilnader mellom anna i rekrutteringsprosessar og gjennom lokale lønsforhandlingar. Språkrådet vil halda fram

arbeidet med å jamna ut eventuelle lønsskilnader i 2026, og leiinga vil inkludera dei tillitsvalde i kartlegginga av løns-tilhøva og bruken av ufrivillig deltidsarbeid.

Tabellen nedanfor viser kjønnsfordelinga i Språkrådet samla sett, i mellombelse stillingar, i uttak av foreldrepermisjon og i deltidsstillingar.

Kjønnsbalanse		Mellombels tilsette		Foreldrepermisjon Gjennomsnittleg tal veker		Faktisk deltid		Ufrivillig deltid	
Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
23	18	1	1	0	14	1	0	0	0

Ufrivillig deltidsarbeid blir kartlagt i medarbeidarsamtalar gjennom året.


Språkrådet gjennomfører jamlege medarbeidarundersøkingar, der me mellom anna kartlegg om tilsette har vorte utsette for, eller har sett andre bli utsette for, seksuell trakassering på arbeidsplassen.

Språkrådet gjennomfører med jamne mellomrom verne- rundar for å kartleggja om dei fysiske tilhøva på arbeidsplassen er lagde til rette for dei tilsette. Denne kartlegginga blir gjort

i samarbeid med verneombodet, og resultata blir bruka for å redusera risikoen for diskriminering og hinder for likestilling.

Leiinga i Språkrådet er oppteken av at tilsette skal kunna kombinera arbeid og familieliv. Arbeidstidsordninga i staten legg godt til rette for dette.

Språkrådet meiner at dei tiltaka som er sette i verk, har vore med på å fremja likestilling i verksemda, og vil halda fram med likestillingsarbeidet saman med dei tillitsvalde.



Innhald
DEL 1 – Melding frå leiinga
DEL 2 – Introduksjon til verksemda og hovudtal
DEL 3 – Aktivitetar og resultat i 2025
DEL 4 – Styring og kontroll i verksemda Overordna vurdering av styring og kontroll → Nærare omtale av forhold som gjeld styring og kontroll
DEL 5 – Vurdering av framtidsutsikter
DEL 6 – Årsrekneskap 2025

Likestilling og mangfald

Språkrådet arbeider for å styrkja likestilling og mangfald og har laga personalrutinar for å nå måla med dette arbeidet. I alle tilsetjingsprosessar vurderer me systematisk korleis me kan bidra til at søkjarar med nedsett funksjonsevne, hol i CV-en eller innvandrarbakgrunn kan tilsetjast. I alle stillingslysingane våre er det framheva at alle er velkomne til å søkja uansett personleg og kulturell bakgrunn. I 2025 tilsette Språkrådet fire personar. Til dei stillingane der det var kvalifiserte søkjarar som hadde nedsett funksjonsevne, hol i CV-en eller innvandrarbakgrunn, kalla me inn minst éin søkjar frå kvar av gruppene til intervju. Som arbeidsgjevar er Språkrådet medvitne om samfunnsansvaret sitt, og me vil halda fram arbeidet for å bidra til eit inkluderande arbeidsliv.

Lærlingar

Språkrådet er godkjent opplæringsverksemd for faget innhaldsproduksjon. Me har sidan 2022 hatt ein lærling i dette faget. Som ei lita statleg verksemd er det avgrensa kor mange lærlingar me har kapasitet til å følgje opp på ein god måte, og me har derfor ikkje vurdert å auke talet på lærlingar no.

Personalpolitikk

Språkrådet arbeider kontinuerleg med å sikra rett kompetanse og rett arbeidskraft til det oppdraget me har fått. Språkrådet er ei lita statleg verksemd, men må oppfylle dei same krava til styringssystem og risikoarbeid som store verksemder,


og det gjer oss sårbare i effektiviseringsarbeidet. Det er såleis viktig for oss å oppnå balanse mellom ulike omsyn: Språkrådet skal ha så låg risiko som råd i den daglege drifta, og me skal bruka så stor del av tildelinga vår som råd på det språkpolitiske kjerneoppdraget.

FNs berekraftsmål

Språkrådet har peika ut desse berekraftsmåla som kan knytast til arbeidsområda våre:

- berekraftsmål 3: god helse og livskvalitet (helsespråkarbeid)
- berekraftsmål 4: god utdanning (arbeid med språk på skule- og utdanningsfeltet)
- berekraftsmål 5: likestilling mellom kjønna (arbeid med kjønnsbalansert språk)
- berekraftsmål 9: industri, innovasjon og infrastruktur (språkteknologi)
- berekraftsmål 16: fred, rettferd og velfungerande institusjonar (arbeid i SN-forumet UNGEGN)
- berekraftsmål 17: samarbeid for å nå måla (formelt og uformelt samarbeid med ei lang rekkje offentlege, private og ideelle organisasjonar)

Språkrådet ser at desse berekraftsmåla er heilt i tråd med dei langsiktige måla for Språkrådet.



Innhald

DEL 1 – Melding frå leiinga

DEL 2 – Introduksjon til verksemda og hovudtal

DEL 3 – Aktivitetar og resultat i 2025

DEL 4 – Styring og kontroll i verksemda

Overordna vurdering av styring og kontroll

→ Nærare omtale av forhold som gjeld styring og kontroll

DEL 5 – Vurdering av framtidsutsikter

DEL 6 – Årsrekneskap 2025

Kulturelt mangfald


Som det er slått fast i Prop. 108 L (2019–2020), er språk og kultur knytte uløyseleg saman. Nynorsk, bokmål, norsk teiknspråk, samiske språk og dei nasjonale minoritetsspråka er ein grunnleggjande del av kulturen og identiteten til kvar enkelt språkbrukar. Språka våre skapar samhald og fellesskap, og språkmangfaldet i Noreg ber kulturarven vår. Summen av gamalt og nytt språkmangfald speglar det kulturelle mangfaldet i landet vårt. Rolla til Språkrådet er å samordna politikkarbeidet på språkfeltet slik at kultur- og samfunnsliv er tilgjengeleg for og omfattar innbyggjarar med ulik språk-bakgrunn. Arbeid med å styrkja, fremja og verna språkmang-faldet i Noreg legg til rette for at ein kan lukkast med arbeid med kulturelt mangfald på andre område.

Klima- og miljøtiltak

Verksemda vår påverkar i liten grad det ytre miljøet. Språk-rådet vurderer miljø- og klimaomsyn i alle aktivitetar der det er relevant, og følgjer opp handlingsplanen for miljøleiing. Dei overordna måla er god avfallssortering og -handtering, redusert energibruk og meir vekt på miljøvenleg transport og miljøvenlege innkjøp. Språkrådet har tenester som er landsdekkjande, og dette fører til ein del reising. Språkrådet arbeider for å minska CO2-avtrykket sitt gjennom god reise-planlegging, og me har digitale møteromsløysingar som alternativ til reising.

Konsulentbruk

Språkrådet har i 2025 arbeidd for å redusera bruken av konsulentar på område der me kan bruka interne ressursar og intern kompetanse. Sidan Språkrådet er ei relativt lita verksemd, er det område der det ikkje er føremålstenleg å byggja opp eigen kompetanse. På nokre område er me ei for lita verksemd til å kunna ha eit attraktivt fagmiljø, og det er ikkje alltid like stort behov for all kompetanse gjennom året. I ein del tilfelle er det såleis føremålstenleg å nytta innleigde ressursar i staden for å tilsetja eigne folk eller byggja kompe-tansen internt. Språkrådet har ikkje hatt utgifter til kommuni-kasjonsrådgjeving i 2025.



Innhald

DEL 1 – Melding frå leiinga

DEL 2 – Introduksjon til verksemda og hovudtal

DEL 3 – Aktivitetar og resultat i 2025

DEL 4 – Styring og kontroll i verksemda

Overordna vurdering av styring og kontroll
→ Nærare omtale av forhold som gjeld styring og kontroll

DEL 5 – Vurdering av framtidsutsikter

DEL 6 – Årsrekneskap 2025

Språkrådets bruk av konsulentar i 2025 fordeler seg slik:

Konto	Namn	Beløp (i tusen)
670 ¹	Konsulenttenester innan økonomi, revisjon og juss	74
671 ²	Konsulenttenester til utvikling av programvare, IKT-løysingar mv.	100
672 ³	Konsulenttenester til organisasjonsutvikling, kommunikasjonsrådgjeving, mv.	385
673	Andre konsulenttenester	-47

1 Beløpet gjeld utgifter til juridisk rådgjeving.
2 Beløpet gjeld utgifter til vidareutvikling av Målfrid (automatisk innhausting av språkvekslingsdata).
3 Beløpet gjeld tenester knytte til organisasjonsutvikling og rekruttering.

Arkiv

Språkrådet har i 2025 styrkt innsatsen for å arkivera, journalføra og sikra dokumentoffentlegheit. Alle nye medarbeidarar i verksemda har gjennomført relevante kompetansetiltak som er utarbeidde av Arkivverket og Direktoratet for forvaltning og økonomistyring. E-læringskurs i journalføring og arkivering inngår i den obligatoriske opplæringa av nytilsette. I løpet av året har me også teke opp relevante forvaltningstema på interne fagmøte. Arbeidet med å styrkja forvaltningskompetansen vil halda fram i 2026.



5

Vurdering

av

framtidssutsikter

Innhald

DEL 1 – Melding frå leiinga

DEL 2 – Introduksjon til
verksemda og hovudtal

DEL 3 – Aktivitetar og
resultat i 2025

DEL 4 – Styring og kontroll
i verksemda

**DEL 5 – Vurdering av
framtidssutsikter**

Framtidssutsikter

DEL 6 – Årsrekneskap 2025

Framtidsutsikter

Norsk språk står overfor tydelege utfordringar i åra som kjem. Risikoanalysane til Språkrådet viser at både sentrale språkbrukarinteresser og sjølvne språka som kulturobjekt er utsette for høg eller svært høg risiko på alle strategisk prioriterte område for språkpolitikken. I vurderinga av framtidsutsikter er det særleg viktig å trekkja fram desse tendensane:

Kunnskap i norsk som kjelde til integrering og inkludering


På integrerings- og arbeidslivsfeltet viser Språkrådet kartleggingar at manglande norskopplæring hindrar mange i innvandrarbefolkninga i å delta i arbeids- og samfunnsliv. I tillegg opererer arbeidslivet ofte med uklare eller dårleg grunngjevne språkkrav. Innvandrarar som ikkje har god tilgang til språk, risikerer permanent utanforskap, og Noreg risikerer å mista arbeidskraft som trengst for å løysa store samfunnsoppgåver mellom anna på helse- og omsorgsfeltet.

Tilgang til norskspråkleg kultur- og medietilbod for barn og unge

Barn og unge i Noreg blir i dag eksponerte for eit massivt engelskspråkleg kultur- og medietilbod. Tilbodet utkonkurterer i mange tilfelle det norske, og det verkar inn på språkhaldningar, leseferdigheiter og språkferdigheiter generelt blant barn. Undersøkingar viser at hovudkjelda til nyhende-stoff for dei yngste aldersgruppene er sosiale medium. Her er store delar av innhaldet brukarstyrt og på engelsk. Med tida aukar dermed faren for at barn og unge blir mindre rusta til å delta i norsk(språkleg) samfunnsdebatt.

Språkteknologi og store generative språkmodellar som stør norsk språk

Språkrådet kartleggingar viser at språkteknologi til skulebruk i dag ofte har store språklege manglar. Skriveprogramma som elevane brukar i det daglege, har låg kvalitet. Rett nok er kvaliteten oftast noko betre på bokmål enn på nynorsk, men alt i alt er skriveprogramma langt frå å oppfylle språkkrava i opplæringslova. Dette gjer det vanskeleg for barn i skulen å tileigna seg kompetanse i korrekt og normert skriftleg norsk.



Innhald

DEL 1 – Melding frå leiinga

DEL 2 – Introduksjon til verksemda og hovudtal

DEL 3 – Aktivitetar og resultat i 2025

DEL 4 – Styring og kontroll i verksemda

DEL 5 – Vurdering av framtidsutsikter

→ Framtidsutsikter

DEL 6 – Årsrekneskap 2025

Det blir produsert stadig større mengder tekst ved hjelp av KI-robotar. Språkrådets undersøkingar viser at KI-produserte tekstar på både bokmål og nynorsk har alvorlege språklege feil og manglar. KI-robotane har samstundes normautoritet, og på kort sikt vil språket i maskinprodusert tekst truleg verka inn på rettskrivingskompetansen til språkbrukarane. Det er uheldig om statlege verksemdar tek i bruk KI som skrive-verktøy med føremål å stø opp om overordna føringar for bruk av KI i staten. På lang sikt vil ein stadig sterkare dominans av KI-støtta tekstproduksjon føra til at Noreg mistar demokratisk kontroll med utvikling og forvaltning av dei norske skrift-språksnormene.

Eit stort problem i denne samanhengen er at den norske sektoren for forskning og høgare utdanning manglar stabile og robuste fagmiljø som kan driva med grunnforskning i norske språkmodellar og utdanning av språkteknologar med fag-kompetanse i norsk språk. Utan forskingsinnsats vil det bli vanskeleg å oppnå større nasjonal digital autonomi, og det vil bli vanskeleg å få utvikla språkmodellar som kan handtera språk og kultur, verdar og haldningar i tråd med norske interesser.

Språk i skule og høgare utdanning

Språkrådets kartleggingar viser at bruken av engelsk aukar, trass i at verkemiddelapparatet for å styrkja bruken av norsk i academia er godt utbygd. Det finst svært få (og på nokre fagfelt ingen) kanalar for vitskapleg publisering av forskings-arbeid på norsk, bruken av engelskspråkleg pensum aukar (også på lågare grad), og engelsk blir bruka meir og meir som undervisningsspråk.


Alt dette fører til at norsk fagspråk vil bli svekt, og at ferdig uteksaminerte kandidatar vil stå utan eit funksjonelt norsk fagspråk til bruk i det norske arbeids- og næringslivet.

Nynorsk


På alle område der norsk språk er under press, viser tal og statistikkar at nynorsk er særleg utsett. Både i utdannings-sektoren, i kultur- og medietilbodet til barn og unge og i mykje bruka teknologi er nynorsk stadig mindre synleg og mindre tilgjengeleg, og den nynorsken som blir bruka, er ofte av låg kvalitet. Dermed fungerer nynorsk i praksis ikkje som eit fullt utbygd samfunnsberande og likeverdig skriftspråk, som det skal vera etter lova.

Oppsummerande vurdering

Kartleggingane til Språkrådet viser at det er store utfordringar på mange av dei prioriterte innsatsområda for norsk språk-politikk. Nokre av utfordringane forsterkar kvarandre. Skal ein lukkast med å minska faren for domenetap til engelsk, og skal alle innbyggjarane ha høve til å bruka norsk i arbeidslivet, samfunnslivet og det offentlege ordskiftet, må oppfølginga av den norske språkpolitikken styrkjast i alle sektorar.



Oppfølginga av den norske språk-politikken må styrkjast i alle sektorar.



Årsrekneskap

2025

Innhald

DEL 1 – Melding frå leiinga

DEL 2 – Introduksjon til verksemda og hovudtal

DEL 3 – Aktivitetar og resultat i 2025

DEL 4 – Styring og kontroll i verksemda

DEL 5 – Vurdering av framtidsutsikter

DEL 6 – Årsrekneskap 2025

Kommentarar frå leiinga

Språkrådet er statens forvaltningsorgan i språkspørsmål og følgjer opp språkpolitikken på oppdrag frå Kultur- og likestillingsdepartementet. Språkrådet arbeider med å styrkja det norske språket og språkmangfaldet i Noreg og har ansvar for å følgja opp språka norsk (nynorsk og bokmål), norsk teiknspråk, kvensk, romani og romanes.

Rekneskapen er ført etter dei statlege rekneskapsstandardane (SRS). I tillegg følgjer Språkrådet kontantprinsippet. Årsrekneskapen utgjer del 6 i denne årsrapporten, som Språkrådet sender til Kultur- og likestillingsdepartementet.



Innhald
DEL 1 – Melding frå leiinga
DEL 2 – Introduksjon til verksemda og hovudtal
DEL 3 – Aktivitetar og resultat i 2025
DEL 4 – Styring og kontroll i verksemda
DEL 5 – Vurdering av framtidsutsikter
DEL 6 – Årsrekneskap 2025

Stadfesting

Årsrekneskapen er lagd fram i samsvar med retningslinjene for økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og instruksen frå Kultur- og likestillingsdepartementet til Språkrådet om økonomi- og verksemdsstyring. Rekneskapen gjev eit dekkjande bilete av dei disponible løyvingane til Språkrådet i rekneskapsåret, kostnader, inntekter, eigedelar og gjeld.

Språkrådet har ein intern økonomiinstruks som er fastsett av styret, og som byggjer på økonomiregelverket i staten og instruksen frå Kultur- og likestillingsdepartementet om økonomi- og verksemdsstyring for Språkrådet. Etter denne instruksen er det direktøren som har ansvaret for at dei økonomiske ressursane blir disponerte i samsvar med føresetnadene og det gjeldande regelverket for økonomistyring i staten. Styret i Språkrådet har det overordna ansvaret for at økonomireglementet og instruksen frå Kultur- og likestillingsdepartementet blir følgde, og at budsjetttrammene blir haldne.

Språkrådet utarbeider ein årleg disposisjonsplan i tråd med føringane. Disposisjonsplanen og interne budsjett-disponeringsfullmakter styrer disponeringa av budsjettmidlane i verksemda.

Vurdering av vesentlege forhold

Budsjetttramma for 2025 var 55 473 000 kroner (jf. kap. 326, post 01). Språkrådet hadde for 2025 eit inntektskrav på 75 000 kroner (jf. kap. 3326, post 01). Rekneskapen for 2025 viser eit mindreforbruk på 575 350 kroner. Mindreinntekta i 2025 var 6 840 kroner. Samla mindreutgift for året vart 568 510 kroner, som er søkte overførte til 2026.

Mindreforbruket kan i hovudsak forklarast med noko høgare lønnsrefusjonar frå Nav mot slutten av året enn det ein hadde budsjettert med. Språkrådet hadde i 2025 eit sjukefråvær på 5,8 prosent, og det er over målsetjinga på 4 prosent over tid. Ein annan grunn til mindreforbruket er at ombyggings- og tilpassingsarbeida i kontorlokala i Observatoriegata 1 B vart noko forseinka, slik at prosjektet ikkje vart ferdigstilt i 2025 som planlagt. Derfor vil delar av kostnadene til desse arbeida bli belasta rekneskapen for 2026.

Språkrådet hadde i 2025 tilskotsforvalting på 39 930 000 kroner (jf. kap. 326, post 73). I samsvar med tildelinga i statsbudsjettet for 2025 fordelte dette beløpet seg slik: 38 280 000 kroner til språkorganisasjonar, 1 550 000 kroner til tilskotsordninga for innsamling og registrering av stadnamn og 100 000 kroner til vinnaren av Årets nynorskkommune. Alle tilskotsmidlane som vart løyvde i 2025, vart utbetala.

Andre vesentlege opplysningar

Som statleg verksemd er Språkrådet underlagt revisjon frå Riksrevisjonen. Årsrapport og årsrekneskap for verksemda blir publiserte på nettsidene til Språkrådet etter at etatsstyringsdialogen er avslutta og dokumenta er ferdigbehandla. I tråd med tilrådingane frå Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) blir òg revisjonsrapporten frå Riksrevisjonen publisert når dokumentet blir offentleg.

Oslo, 13. mars 2026

Åse Wetås
direktør

Ingrid Vad Nilsen
styreleiar

Innhald
DEL 1 – Melding frå leiinga
DEL 2 – Introduksjon til verksemda og hovudtal
DEL 3 – Aktivitetar og resultat i 2025
DEL 4 – Styring og kontroll i verksemda
DEL 5 – Vurdering av framtidsutsikter
DEL 6 – Årsrekneskap 2025

Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapen for statlege verksemder er utarbeidd og avlagd etter nærare retningslinjer fastsette i føresegner om økonomistyring i staten («føresegnene»). Årsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med krava i føresegnene punkt 3.4.1, nærare føresegner i rundskriv R-115 frå Finansdepartementet av november 2025 og eventuelle tilleggskrav fastsette av overordna departement.

Oppstillinga av løyving- og artskontorapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i føresegnene punkt 3.4.2 – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- a. Rekneskapen følgjer kalenderåret.
- b. Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- c. Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.
- d. Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med bruttobeløp.

Oppstillingane av løyving- og artskontorapportering er utarbeidde etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarar med krava i føresegnene punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportera til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingerekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Verksemda er knytt til konsernkontoordninga for staten i Noregs Bank i samsvar med krava i føresegnene punkt 3.7.1. Bruttobudsjetterte verksemder blir ikkje tilførte likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Ved utgangen av året blir saldoen på den enkelte oppgjerskontoen nullstilt.


Løyvingsrapporteringa

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med sjølve løyvingsrapporteringa og ein nedre del som viser behaldningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Ho er stilt opp etter dei kapitla og postane i løyvingerekneskapen som verksemda har fullmakt til å disponera. Kolonnen for samla løyving viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle eigedelar og forpliktingar som verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen i staten.

Mottekne fullmakter til å belasta eit kapittel / ein post hos ei anna verksemd (belastningsfullmakter) blir ikkje viste i kolonnen for samla løyving, men er omtala i note B til løyvingsoppstillinga. Utgiftene knytte til mottekne belastningsfullmakter er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen og blir viste i kolonnen for rekneskap.

Artskontorapporteringa

Oppstillinga av artskontorapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser eigedelar og gjeld som går inn i mellomvære med statskassa. Artskontorapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemda har ein trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje rapporterte som inntekt til statsrekneskapen og er derfor ikkje viste som inntekt i artskontorapporteringa.



Innhald
DEL 1 – Melding frå leiinga
DEL 2 – Introduksjon til verksemda og hovudtal
DEL 3 – Aktivitetar og resultat i 2025
DEL 4 – Styring og kontroll i verksemda
DEL 5 – Vurdering av framtidsutsikter
DEL 6 – Årsrekneskap 2025

Rekneskapsprinsipp for bruttobudsjetterte verksemder – verksemdsrekneskap avlagd i samsvar med dei statlege rekneskaps-standardane (SRS)

Verksemdsrekneskapen er sett opp i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS).

Opningsbalanse

Ved utarbeidinga av opningsbalansen er immaterielle eigedelar og varige driftsmiddel verdsette til attkjøpsverdi eller verkeleg verdi. Finansielle anleggsmiddel er verdsette til verkeleg verdi.

Attkjøpsverdi for ein eigedel er det beløpet det vil kosta dersom eigedelen skulle skaffast i dag, vurdert til same kvalitet, standard og funksjonalitet som den eksisterande eigedelen.

Omløpsmiddel er verdsette til attkjøpsverdi eller verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er verdsett til pålydande.

Transaksjonsbaserte inntekter

Transaksjonar blir resultatførte til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekt blir resultatført når ho er opptent. Inntektsføring ved sal av varer skjer på leverings-tidspunktet, når risiko og kontroll er overførte til kjøpar. Sal av tenester blir inntektsført i takt med utføringa.

Inntekter frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar

Inntekt frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar blir resultatførte etter prinsippet om motsett samanstilling. Dette inneber at inntekt frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar blir resultatførte i takt med at aktivitetane som blir finansierte av desse inntektene, blir utførte, det vil seia i same periode som kostnadene kjem til.

Bruttobudsjetterte verksemder har ei forenkla praktisering av prinsippet om motsett samanstilling ved at inntekt frå løyvingar blir rekna ut som differansen mellom kostnadene i perioden og opptente transaksjonsbaserte inntekter og eventuelle inntekter frå tilskot og overføringar til verksemda. Ein konsekvens av dette er at resultatet av aktivitetane i perioden blir null.


Kostnader

Utgifter som gjeld transaksjonsbaserte inntekter, blir kostnadsførte i same periode som tilhøyrande inntekt.

Utgifter som blir finansierte med inntekt frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar, blir kostnadsførte i same periode som aktivitetane er gjennomførte og ressursane er forbrukte.

Pensjonar

SRS 25 «Ytingar til tilsette» byggjer på ei forenkla tilnærming til pensjonar når ein fører rekneskap. Statlege verksemder skal ikkje balanseføra netto pensjonsforpliktingar for ordningar i Statens pensjonskasse (SPK).



Innhald
DEL 1 – Melding frå leiinga
DEL 2 – Introduksjon til verksemda og hovudtal
DEL 3 – Aktivitetar og resultat i 2025
DEL 4 – Styring og kontroll i verksemda
DEL 5 – Vurdering av framtidsutsikter
DEL 6 – Årsrekneskap 2025

Verksemda resultatfører arbeidsgjevarden av pensjonspremien som pensjonskostnad. Pensjon blir kostnadsført som om pensjonsordninga i SPK var basert på ein innskotsplan.

Frå 2022 har SPK lagt om pensjonspremiemodellen for statlege verksemdar. Frå 1. januar 2022 betalar verksemda ein verksemdsspesifikk, hendingsbasert arbeidsgjevarden som del av pensjonspremien. At premien er verksemdsspesifikk, inneber at han blir fastsett ut frå forholda i den enkelte verksemda, ikkje for grupper av verksemdar samla. At premien er hendingsbasert, inneber at han tek omsyn til dei faktiske hendingane i medlemsmassen i verksemda, slik at premiere-serven er oppdatert i høve til oppteninga til medlemmene. Medlemsdelen på to prosent av lønsgrunnlaget er uendra.

Leigeavtalar

Verksemda har valt å nytta forenkla metode i SRS 13 om leigeavtalar og klassifiserer alle leigeavtalar som operasjonelle leigeavtalar.

Klassifisering og vurdering av anleggsmiddel

Anleggsmiddel er varige og vesentlege eigedelar som verksemda disponerer. Med varige eigedelar er meint eigedelar med utnyttbar levetid på tre år eller meir. Med vesentlege eigedelar er meint eigedelar med anskaffingskostnad på 50 000 kroner eller meir. Anleggsmiddel er balanseførte til anskaffingskost fråtrekt avskrivningar.

Kontorinventar og PC-ar med tilhøyrande skjerm med utnyttbar levetid på tre år eller meir er balanseførte som eigne grupper.

Varige driftsmiddel blir nedskrivne til verkeleg verdi ved endra bruk eller utnytting dersom verkeleg verdi er lågare enn balanseført verdi.

Eigenutvikling av programvare

Kjøp av bistand til utvikling av programvare er balanseført. Utgifter knytte til bruk av eigne tilsette i applikasjonsutviklingsfasen ved utvikling av programvare er ikkje balanseførte.

Klassifisering og vurdering av omløpsmiddel og kortsiktig gjeld

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år etter anskaffingstidspunktet. Andre postar er klassifiserte som anleggsmiddel / langsiktig gjeld.


Omløpsmiddel blir vurderte til det lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Behaldning av varer og driftsmateriell

Behaldningar omfattar varer for sal og driftsmateriell som blir nytta i eller utgjer ein integrert del av den offentlege tenesteytinga til verksemda. Innkjøpte varer er verdsette til anskaffingskost etter metoden «først inn, først ut» (FIFO). Behaldningar av varer er verdsette til det lågaste av anskaffingskost og netto realisasjonsverdi. Behaldningar av driftsmateriell er verdsette til anskaffingskost.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er førte i balansen til pålydande etter frådrag for avsetjing til forventa tap. Avsetjing til tap blir gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane.



Innhald
DEL 1 – Melding frå leiinga
DEL 2 – Introduksjon til verksemda og hovudtal
DEL 3 – Aktivitetar og resultat i 2025
DEL 4 – Styring og kontroll i verksemda
DEL 5 – Vurdering av framtidsutsikter
DEL 6 – Årsrekneskap 2025

Valuta

Pengar i utanlandsk valuta er vurderte til kursen ved utgangen av rekneskapsåret. Her er spotkursen til Noregs Bank per 31.12. lagd til grunn.

Staten sin kapital

Staten sin kapital utgjer nettobeløpet av eigedelane og gjelda til verksemda og går fram av rekneskapslinja for avrekningar i balanseoppstillinga. Bruttobudsjetterte verksemder presenterer ikkje konsernkontoane i Noregs Bank som bankinnskot. Konsernkontoane inngår i rekneskapslinja avrekna med statskassa.

Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten

Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten blir presenterte etter bruttoprinsippet.

Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten

Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten blir presenterte etter bruttoprinsippet.

Statlege rammevilkår

Sjølvassurandørprinsippet

Staten opererer som sjølvassurandør. Det er derfor ikkje inkludert postar i balanse eller resultatrekneskap som søker å spegla alternative netto forsikringskostnader eller forpliktingar.

Staten si konsernkontoordning

